

## NOTAT

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Førde HF

**DATO:** 16.05.2017  
**FRÅ:** Administrerende direktør  
**SAKSHANDSAMAR:** Børge Stavland

**SAKA GJELD:** **Bruk av radiologi - undersøking rygg**

**ARKIVSAK:** 2017/163  
**STYRESAK:** **043/2017**

**STYREMØTE:** **06.06.2017**

### Administrerende direktør si orientering pkt. 2

---

I 2015 gjennomførte Riksrevisjonen undersøking av bruk av poliklinisk bildediagnostikk. Rapporten låg føre mars 2017.

Bakgrunn for rapporten er ein markert auke i bruk av computertomografi (CT) og magnettomografi (MR) dei siste åra. Tidlegare rapport frå Helsedirektoratet har vist at opp mot 30% av dei radiologiske undersøkingane ikkje har konsekvens i høve behandling eller oppfølging. Eit mål med undersøkinga er også å sjå på i kva grad det bilettdiagnostiske tilbodet bidreg til likeverdige helsetenester for heile befolkninga.

Rapporten er utarbeidd med grunnlag i analyse av registrerte data (koding av undersøkingar), spørjeundersøking til radiologar og leiarar av dei radiologiske einingane og gjennomgang av eit lite utval henvisingar til CT- og MR- undersøkingar. I tillegg har ein henta inn informasjon frå nokre føretak, i kva grad henvisingar har vorte avviste. Til slutt er avtalar mellom RHF og private røntgeninstitutt gjennomgått og belyst gjennom spørsmål til RHF.

Rapporten er i stor grad forma slik at den syner variasjon i bruk av bilettdiagnostikk mellom buområde.

Av rapporten ser ein at Helse Førde skil seg ut med færre CT undersøkingar per 10 000 innbyggjar enn gjennomsnittet og har lågaste tal i landet. For MR syner totaloversikta at ein er like under landssnittet.


Innan MR er det særskilt ei undersøking der Helse Førde avvik sterkt frå gjennomsnittet. Denne undersøkinga vart nytta som eksempel i Bergens Tidene då dei omtala rapporten 22. mars 2017. Der står det å lese: «Folk i Sogn og Fjordane tar mer enn fire ganger så ofte MR av ryggraden som folk i Bergensområdet, viser rapport fra Riksrevisjonen.» Dette forholdet er forklart med fylgjande:

MR som undersøkingstype skil seg til ei viss grad frå anna bilettdiagnostikk med at undersøkingane er meir organretta. Dvs. at ein i liten grad gjer ei undersøking av heile buken, som er vanleg på CT, men ein undersøker spesifikt eit organ i buken, som td. lever. Det same gjeld rygg, som er eksempelet frå BT. Som regel vil ein undersøkje ein eller fleire delar av ryggen. I rapporten har ein sett på dei vanlegaste undersøkingane av rygg: halsrygg, brystrygg, korsrygg og heile ryggen (totalcolumna). Kodeverket innan radiologi er slik at ein skal kode det enkelte organ, eller dersom ein har undersøkt fleire organ skal ein kode med ein felleskode dersom slik kode eksisterar. Totalcolumna er ein slik felleskode.

Om ein ser samla på undersøkingar av rygg er bilete stikk motsett av det som er beskrive i artikkelen. Dersom ein splitter opp undersøkingane som er koda som Totalcolumna og fordeler desse undersøkingane i respektive enkeltorgankodar, vert oversikta slik som i figur 1 under. Østfold og Akershus er teke med som samanlikning.

Det vert bekrefta frå Riksrevisjonen at det ikkje er teke omsyn til bruk av samlekodar når det gjeld MR, medan dette er gjort for CT undersøkingane som er referert i rapporten. Dette er ein svakhet ved rapporten som må lesast i sin heilhet for å få eit korrekt bilete.

Figur 1 MR undersøkingar av rygggrad. Forbruksrate per 10 000 innbyggjar per buområde. Gjennomsnitt for perioden 2012-2015. Undersøkingar av totalcolumna er splitta opp og fordelt i det enkelte avsnitt av ryggen.



Figuren syner at bruk av MR til ryggdiagnostikk i Helse Førde ligg under landsgjennomsnittet.